

SMIL

**Strategi for tilskot til miljøtiltak i
jordbrukets kulturlandskap**

STRAND KOMMUNE

2022 – 2029



Innholdsliste

| | Side |
|---|-------------|
| Bakgrunn | 2 |
| Overordna føringar | 2 |
| Regelverk | 2 |
| Prosessen | 2 |
| Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen | 3 |
| Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar | 3 |
| Retningslinjer og vilkår for tilskot | 4 |
| Lokale fristar for søking og kommunal sakshandsaming | 4 |
| Tilskotssatsar | 5 |

Bakgrunn

Hovudformålet med denne strategien er å stimulere aktive landbruksføretak som søker om produksjonstilskot og avløysartilskot til ein ekstra innsats ut over den daglege drifta på tiltak innan kulturlandskap og ureining. Gjennom denne SMIL-strategien vil kommunen i samarbeid med faglag i landbruket, være med på å ta vare på landbrukets kulturlandskap i tråd med nasjonale og regionale føringar for landbruks-politikken. Ivaretaking av kulturlandskapet ut over normal landbruksproduksjon etter naturmangfaldlova og å redusere ureining etter vassforskrifta, som er framheva som sentrale satsingsområde.

Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Kommuneplan frå 12.09.12
- Landbruksplan
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- Regional plan og regionalt tiltaksprogram for vannforvaltning i Vannregion Rogaland
- Meld. St. 9 Landbruks- og matpolitikken
- Nasjonalt miljøprogram 2019-2022
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «*Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*» § 1 til § 8.

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar og er vedtaksmyndigheit for alle søknadar på SMIL-tilskot. Statsforvaltaren har mellom anna ansvar for å legge til rette for at kommunane har gode rutinar i si sakshandsaming, handsamar søknadar om dispensasjon og er klageinstans på kommunale vedtak.

Prosessen

SMIL-strategien innhald er sendt på høyring til bondelag, høyringsforslag vart sendt ut 09.12.21, med høyringsfrist den 23.12.21. Det er kome inn spørsmål til strategien, desse er avklart og endra i tråd med bondelag. Statsforvaltaren har også fått strategien på høyring, dei har anbefalt nokre mindre endringar, desse er tatt inn i strategien.

Tiltaksstrategien er behandla og godkjent i formannskapet den 03.02.22, i sak 016/22.

Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen

Kort om landbruket

Det er 151 føretak som søker produksjonstilskott, 95% av drifta areal er grasproduksjon. Overflate og fulldyrka areal utgjer 14260 dekar, og 13520 dekar innmarksbeite pr. 2020. Matjord er ein knapp og ikkje fornybar ressurs, i Strand har vi berre mogelegheit for å dyrke 2500 dekar, dette er kartlagt av NIBIO. Av desse vil truleg 800 - 900 dekar gå til utbygging av infrastruktur og industri. Ein tenker då på utvida industriområde i Nordmarka, på Strand kommune sin eigedom. Mjølke har teke seg godt opp i Strand, sida 2008 til 2020 har mjølkeproduksjonen auka med over 30% til 5.240.000 liter. Ammekyr har auka i takt med nedlegging av mjølkebruk, saueproduksjonen ligg på godt 7000 vinterfôra dyr, kylling og egg har også auka. Det er eit drivhus i drift og tre føretak som satsar på frukt. Landbrukseigedomane i Strand er små med oppdelte teigar spreidd rundt i nærområdet, dette utfordrar drift på små areal med dei store landbruksmaskinane vi har i dag, som igjen utfordrar kulturlandskapet med gjengroing.

Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar

Kulturlandskap

I Strand har vi berre eit område som er registrert som kystlynghei med verdi A, for dette området har vi utarbeida skjøtselsplan, der tiltak er gjennomført for å ivareta området sin karakter. Vi har i vår kommune mange elv / bekkestrekningar som har elvemusling, ein har nå kartlagt dei fleste kjente områda, ein vil nå få laga tiltaksplan, der ein skal sjå på mogelegheit for å auke bestanda. Vi har også mosar og lav som er raudlista, i nokre av desse områda som er skogsområde, har staten inngått frivillig vern, slik at fleire artar nå er komne under varig vern. Der viktig at ein ved sakshandsaming bruker Artsdatabanken og Naturbasen aktivt for å fange opp nye og gamle registreringar. Lokalt bruker ein også Naturvernforeninga som støttespelar ved tiltak i landskapet. For bygningar bruker vi SEFRAK registeret aktivt og Askeladden, det er viktig å ta vare på dei eldste bygningane i landbrukets kulturlandskap, slik vi kan vise neste generasjon korleis det ein gong var og få sjå den utviklinga landbruket har hatt dei siste 100 – 200 åra. Når det gjeld bruk av skog/ utmark, så tek dette seg opp, med at ein opparbeida skog til beiter og beiter vert nydyrka. For friluftsliv og aktiv bruk av skog og utmark, har vi lokale grupper som opparbeida og tilrettelagd for nye stiar. Fjerning av piggtråd vert også ein del av strategien, der ein kan søkje midlar.

Viktige vassførekomstar

Strand kommune er del av Ryfylke vassområde, vi har fått overvake fleire vatn i kommunen, det er fleire vatn som har behov for oppfølging då dei ikkje har tilstrekkeleg vasskvalitet. Vi skal nå lage plan for tiltak, der vasskvalitet er for dårleg. Det er fleire elvar / bekker som har elvemusling, desse har vi hatt spesiell fokus på. Vi har frå 2020 fått i oppdrag å sjå på sjøaure og sjøaurebekkar/gyteplassar. Det vert nå laga oversikt på gytebekkane i lag med lokal fiskeforeining og frivillige. Når ein har kome fram til tiltak som må gjerast for å auke framkomeligheit for sjøauren, og minske avrenning / forureining, kan SMIL – midlane hjelpe som utløysande for å få gjennomført tiltak. Når ein får full oversikt kan ein lettare sette opp ei prioriteringsliste. Ereviksvatnet, Vostervatnet og Norlandsvatnet vil få spesiell fokus i forhold til vasskvalitet og elvemusling. Tiltak i desse vatna og tilhøyrande vassdrag støttast med inntil 90% tilskott, under andre forureiningstiltak.

Tilrettelegging og planlegging av tiltak

Strand kommune har søkt Miljødirektoratet om midlar for overvaking / registrering av elvemusling i Strandaånå og Tau vassdraget. Vi har i samarbeid med statsforvaltaren fått til ei registrering/ overvaking i 2016 - 2020, denne gav svar på kor dei fleste førekomstane er.

Nå må vi utarbeide ein plan for korleis med tiltak for å ta vare på arten. SMIL – midlane vil her var til hjelp for bøndene slik at ein kan få utført tiltaka som måtte vere nødvendige.

Retningslinjer og vilkår for tilskot

Det kan gjevast tilskot til kulturlandskapstiltak som ved skjøtsel, vedlikehald og istandsetjing som ivareteke natur- og kulturminneverdiar i jordbrukets kulturlandskap. Her følgjer nokre aktuelle tiltak:

1. Biologisk mangfald: Bevare livskraftige bestand og oppretthalde leveområde og spreingsvegar for elvemusling, stor salamander og sjøaure, tilskotsgrunnlag inntil 90%. Etablering og stell av pollinerande insekt, restareal/ kantsoner langs åker, stiar og vassdrag, tilskottsgrunnlag inntil 60%.

2. Ureiningstiltak:

Gjenopning av bekker, tilskotsgrunnlag inntil 60%.

Oppfølging av vassforskrifta, miljøutfordringane i aktuelle vatn med tiltaksplan, tilskottsgrunnlag inntil 70%.

Vedlikehald av reinseparkar, tilskot pr/reinsepar kr. 12.000,-.

3. Ugras:

Tilskot til fjerning av ugras for å ivareta viktig biologisk mangfald og til planlegging og tilrettelegging av tiltak på tvers av eigedomar. Tilskotsgrunnlag inntil 70%, med kr. 330,-/time for person.

4. Bygningar:

Bevara freda og verneverdige bygningar. Stimulera til restaurering og bruk av gamle, bevaringsverdige bygningar i jordbruket. Bygningar med høg verneverdi (SEFRAK A og B). Tilskotsgrunnlag inntil 35%. Ta vare på bygningar med lokalt særpreg, som naust, skogskoier, mjølkekrakkar, kvernhus, buplassar, steingardar, gilar, hustuffer, ruinar og andre bevarings verdige kulturminne . Tilskotsgrunnlag inntil 60%.

5. Fjerning av piggråd:

Rydde vekk gamal piggråd som ligg i innmark og utmark, samt å fjerne piggråd på eksisterande gjerder, byttet ut med ståltråd. Tilskotsgrunnlag kr. 7.-/meter med ståande piggråd, uavhengig av arbeidsforbruk, terreng og tilgjengelegheit. Eller kr. 330,-/ time for person og kr. 600,-/ time med traktor. Krav om kvittering frå godkjent mottak ved levering.

6. Gjerdeklyvarar:

Frå 2020 er det kommunane som behandlar søknader om gjerdeklyvarar. Grunneigarar kan saman, eller åleine søkje om gjerdeklyvarar/ hundeportar, tilskotsgrunnlag inntil100%.

7. Tak/ dekke over eksisterande gjødsellager:

De kan gjevast eingongstilskot til etablering av tak/ dekke over eksisterande gjødsellager med minst 10 månadar lagerkapasitet. Reduserer utslepp til luft, samt utvide kapasiteten på lageret. Ein presiserer at tilskotet ikkje kan gjevast i tilfelle der det er liten lagerkapasitet, då det vil reknast som vanlig jordbruksproduksjon.

Lokale fristar for søking og kommunal sakshandsaming

- Søknad skal leverast elektronisk via Altinn, eller landbruksdirektoratet sine nettsider. Søknader behandlast i saksbehandlar systemet AGROS.
- Tiltak som er påbegynt før det blir søkt om tilskot vil få avslag på søknaden. Kommunen kan i enkelte tilfelle gje tillating til å starte arbeidet i perioden mellom søknad og vedtak.
- Kostnadsoverslag skal vera basert på pristilbod eller standardprisar utan mva.
- Fristane kommunen kan sette for søking på SMIL-midlar er 1. mai og 1. oktober.

Vedtak etter SMIL-forskrifta i kommunen fattast administrativt av landbrukskontoret.

Tilskotssatsar:

Skal ligge til grunn for utmåling av tilskot og ved eventuell klage på tilskotssats må Statsforvaltaren rette seg etter dei kommunale tilskotssatsane.

Tilskotssatsar: Prioritetsskala frå 0 til 10 « 0 har lågaste prioritet og lågast tilskotssats ».

| Hovud-tema | Miljøtema | Prioritet | Tilskotssats inntil |
|--------------------------|---|-----------|---------------------|
| Kulturlandskap | 1.1 Verdifull innmark | | |
| | 1.2 Verdifull utmark | 3 | |
| | 1.3 Andre tiltak i kulturlandskapet | | |
| Biologisk mangfald | 2.1 Hole eiker | | |
| | 2.2 Slåttemark/slåttemyr | | |
| | 2.3 Kystlynghei | 8 | 60 |
| | 2.4 Trua naturtypar | | |
| | 2.5 Biologisk verdifulle areal | 10 | 90 |
| | 2.6 Fjerne framande arter | 7 | 60 |
| | 2.7 Andre tiltak BM | | |
| Kulturminne/ kulturmiljø | 3.1 Automatisk freda | 3 | 60 |
| | 3.2 Verneverdige bygg | 2 | 35 |
| | 3.3 Steingardar ol. | 4 | 60 |
| | 3.4 Andre tiltak KM | | |
| Friluftsliv | 4.1 Turstiar | | |
| | 4.2 Andre tiltak for friluftsliv - Gjerdeklyvar | 7 | 100 |
| Ureining | 5.1 Hydrotekniske anlegg | 2 | 35 |
| | 5.2 Opne lukka bekker | 5 | 60 |

| | | | | |
|------------------|----------------------------------|--------------------------------------|----|---------------------------|
| Ureining | 5.3 | Erosjonssikring | | |
| | 5.4 | Vegetasjon/kantsone | 6 | 60 |
| | | vassdrag | | |
| | 5.5 | Mot flaum langs | | |
| | | vassdrag | | |
| | 5.6 | Fangdammar - | 9 | 70 |
| | | etablering | | |
| | 5.7 | Fangdammar - | 8 | Kr. 12.000/ dam |
| | | vedlikehald | | |
| | 5.8 | Avrenning veksthus | | |
| 5.9 | Omlegge erosjonsutsette areal | | | |
| 5.10 | Miljøplantingar | | | |
| 5.11 | Andre tiltak vatn | 10 | 90 | |
| Utslepp til luft | 6.1 | Tak gjødsellager | 3 | 30% inntil kr. 100.000 |
| | 6.2 | Andre tiltak utslepp | | |
| Plantvern | 7.1 | Biobed | | |
| | 7.2 | Andre tiltak for plantevernmidlar | 6 | 70 |